

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
v/Inger Anette Sandvand Dahlen  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Deres ref.  
202203776-39

Deres dato  
22.05.2024

Vår ref.  
321004-v1

Dato  
14.06.2024

## Fagnes kommentarar til høyringsuttalar for ny 132 kV ledning Bø - Meland

Fagne sendte konsesjonssøknad på ny 132 kV dobbelteleidning Bø – Meland 10.02.2022. Konsesjonssøknaden vart lagt ut på høyring våren 2023. NVE sendte krav om tilleggsutgreiingar 28.04.2023. Tilleggsutgreiingane vart sendte til NVE 28.02.2024 og lagt ut på ny høyring saman med konsesjonssøknaden med høyringsfrist 06.05.2024. Her vil Fagne oppsummera høyringsinnspeila og kommentera dei.

### 1. Statens vegvesen

*Statens vegvesen har ingen yttarlegare kommentarar utover tidlegare uttale i brev datert 06.02.2023. Då skreiv dei at ny kraftleidning vil kryssa E134. Byggegrensa mot riksveg er 50 m, målt frå vegens midtlinje. Statens vegvesen minner om at det må søkast dispensasjon frå byggegrensa dersom mastene kjem nærrare vegen enn 50 m. Ved graving eller arbeid nær veg kan det også vera aktuelt å søka om graveløyve og/eller gravevarslingsplan.*

I utgangspunktet ser Fagne for seg at avstanden frå midten av E134 Helganesvegen til nærmeste mast blir minst 50 m. Dersom den nærmeste masten må plasserast nærrare vegen, vil Fagne senda søknad til Statens vegvesen om dispensasjon. Uansett må det sendast arbeidsvarslingsplan for strekking av liner over vegen.

### 2. May-Lene Wold

*May-Lene Wold viser til tidlegare uttale om saka med utgangspunkt i ei hending med kortslutning som fører til at dei føler seg utrygge. Dei fryktar at heving av spenninga til 132 kV vil auka faren for tilsvarande episodar. Ho ønskjer kabel i det aktuelle området. Etter å ha lest*

*tilleggsutgreiinga står ho ennå fast på ønsket om kabel i staden for luftlinje ein delstrekning ut frå Bø transformatorstasjon (kapittel 4 i tilleggsutgreiinga). Ho meiner også at Bø transformatorstasjon virkar skjør og burde ha vore bytta ut.*



Det stemmer at det var ei hending i slutten av januar 2022 med kraftig vind, litt yr og saltrök at det var kortslutning i masta der 66 kV leidningane Bø – Meland og Spanne – Bø møtest og blir ført inn mot Bø transformatorstasjon. Dette skjer sjeldan, men Fagne skjønar at det er ei skremmande oppleving for grunneigarane når det skjer. Etter dette har isolatorane blitt skifta, og dei nye støtteisolatorane er glattare, slik at Fagne håpar å unngå kortslutning neste gong veret er slik. Vi hadde eit tilfelle med tilsvarande ver i februar 2023, og då klarte vi å unngå kortslutning. Bø – Meland er det første av 3 prosjekt Fagne har planar om i det aktuelle området:

- Ny 132 kV leidning Bø – Meland
- Ny 132 kV leidning Spanne – Bø
- Ny Bø transformatorstasjon

Den masta der kortslutninga grunna saltrok skjedde, er felles for 66 kV leidningane Bø – Meland og Spanne – Bø. Dermed må begge desse leidningane fornyast før masta kan fjernast. Ny Bø transformatorstasjon er ein del av planen vår, men ikkje ein del av konsesjonssøknaden på ny 132 kV leidning Bø – Meland.

Fagne ser ikkje bort frå at det kan bli vurdert kabel siste delstrekning inn mot Bø transformatorstasjon i samband med dei gjenståande prosjekta, men ikkje på ein så lang strekning som i kapittel 4 i tilleggsutgreiinga på Bø – Meland. Tidspunktet er ennå usikkert. Ein eventuell kabelstrekning siste delstrekning inn til ny Bø transformatorstasjon blir truleg tatt med som ein del av konsesjonssøknaden på transformatorstasjonen.

Vi kan ikkje setta 132 kV spenning på dei gamle 66 kV leidningane og den gamle transformatorstasjonen. Dermed må alle dei tre nemnde prosjekta gjennomførast før spenninga kan hevast til 132 kV. 132 kV leidningane vil ha lengre isolatorar med lengre krypestraumsveg, så det skal ikkje vera større fare for kortslutning grunna saltrok på dei nye 132 kV leidningane etter at vi har heva spenninga til 132 kV enn på dei gamle før vi hevar spenninga. Faren for kortslutning grunna saltrok vil

vera mindre på dei nye 132 kV leidningane enn på dei gamle 66 kV leidningane fram til spenninga blir heva til 132 kV.

### 3. Mattilsynet

*Mattilsynet viser til tidlegare høyringsuttale der dei nemnde at Fiskåvatnet er naudvasskjelde for Karmøy vannverk. Det er viktig at Fagne etablerer dialog med Karmøy vannverk med tanke på tiltak i nedslagsfeltet til Karmøy vannverk.*

Fagne ser for seg at det er naturleg å ta kontakt med Karmøy vannverk i samband med detaljprosjektering og detaljplan for å sikra at 132 kV leidningen blir bygd på ein slik måte at det ikkje er fare for utslepp i nedslagsfeltet til Fiskåvatnet.

### 4. Gassco og Equinor

*Gassco og Equinor sender felles høyringsuttale i samband med Åsgard transport og Statpipe gassrøyrleidningane. Gassco og Equinor skriv at dei alternative traséane for 132 kV leidning Bø – Meland ligg så langt nord for gassrøyrleidningane at det er utanfor sikringssona. Dei minner likevel om at dersom det skulle bli aktuelt med sprenging eller andre tiltak innanfor sikringssona på 25 m, må utbyggjar (Fagne) involvera Gassco/Equinor.*

Fagne takkar for å ha blitt gjort merksam på gassrøyrleidningane med tilhøyrande sikringssone. Fagne skal vera merksam på sikringssona dersom det skulle visa seg at det kan bli aktuelt med sprenging eller andre tiltak innanfor sikringssona, og i så tilfelle ta kontakt med Gassco/Equinor.

### 5. Flyplassenteret AS v/Jan Knutsen

*Flyplassenteret AS skriv at val av trasé får betydning for bruk av næringseigedom gnr. 88 bnr 41. For Flyplassenteret AS er det trasé 1+1b som har færrest negative konsekvensar, og dei ønskjer at det blir tatt omsyn til det i det vidare arbeidet.*

Denne eigedommen er vestre del av kjøpesenteret og parkeringsplassen på vestsida. Det stemmer at byggefobdssona til 132 kV leidning kan koma i vegn for framtidig bygg dersom det skal settast opp på vestre del av denne eigedommen. Det vil vera mogleg å utnytta det bandlagde beltet på 27 m til parkeringsplassar.

Fagne og Karmøy kommune meiner at alternativ 1 ut frå ei totalvurdering vil vera best, og at det vil vera akseptabelt med tanke på utnytting av denne eigedommen. 132 kV leidningen bør byggast høgt nok i dette området til å oppfylla forskriftskrava til høgd over veg og parkeringsplass, slik at det bandlagte beltet kan brukast til veg og parkeringsplass. Det er det dette området blir utnytta til i dag.

### 6. Flyplassveien AS v/Jan Knutsen

*Flyplassveien AS skriv at val av trasé får betydning for bruk av næringseigedom gnr 88 bnr 252. For Flyplassveien AS er det trasé 1+1b som har færrest negative konsekvensar, og ei ønskjer at det blir tatt omsyn til det i det vidare arbeidet.*

Denne eigedommen er vest for kjøpesenteret sør for Helganesvegen, for tida ubebygd. Det stemmer at det ikkje kan byggast framtidig bygg i det bandlagte beltet til 132 kV leidningen. Alternativ 1 vil bare

berøra ein liten del av denne eigedommen i austre del. Det vil vera mogleg å utnytta det bandlagde beltet på 27 m til parkeringsplassar.

Fagne og Karmøy kommune meiner at alternativ 1 ut frå ei totalvurdering vil vera best, og at det vil vera akseptabelt med tanke på utnytting av denne eigedommen. 132 kV leidningen bør byggast høgt nok i dette området til å oppfylla forskriftskrava til høgd over veg og parkeringsplass, slik at det bandlagte beltet kan brukast til veg og parkeringsplass. Det er det dette området blir utnytta til i dag.

## 7. Bjarne Øpstebø Lindtner

*Bjarne Øpstebø Lindtner ønskjer 132 kV leidningen Bø – Meland lagt i jordkabel i bakken frå Bø transformatorstasjon til Visnesvegen, og gjerne også vidare til Meland. Argumenta er naturmangfold, landskap, kulturminne, friluftsliv, landbruk, livskvalitet og for deira del utsikt frå eigedommen gnr. 21, bnr. 9 og verdi på eigedommen. Dei ønskjer å høyra om grunnlaget for at Fagne ikkje ønskjer å legga jordkabler.*

Gjeldande retningslinjer for bruk av kabel vart vedtatt i Stortinget i samband med handsaming av Nettmeldinga, Meld.St. 17 (2011-2012). Retningslinjene angir at bruk av kabel skal aukast på lågare spenningsnivå, men vera gradvis meir restriktiv med aukande spenningsnivå. Det inneber aukande kabelbruk i distribusjonsnettet (opp til 22 kV), medan det i regionalnettet (33 – 132 kV) kun skal brukast kablar i byområde eller der miljøkonsekvensane av leidningar er store. I utgreiinga Kabel som alternativ til luftledning, som Oslo economics og Sweco utførte på oppdrag frå Olje- og Energidepartementet (nå Energidepartementet) 31.01.2022, blir det konkludert med at det ikkje er grunnlag for å endra hovedregelen, men det er opna for at kabel kan vurderast i lett terren i regionalnettet der det ikkje er behov for fleire kabelsett og/eller kostnadsskilnaden mellom luftleidning og jordkabel er små. Når det gjeld 132 kV leidningen Bø – Meland, trengst det 4 kabelsett for å erstatta den doble luftleidningen, og kostnadsskilnaden mellom luftleidning og kabel er stor.

Mast 2 og 3 er mest relevante med tanke på utsikt frå dette huset. Det er trøngt slik at det ikkje er enkelt å endra plassering av dei nærmaste mastene. Sjølv om siste delstrekning inn mot ny Bø transformatorstasjon kanskje kan bli kabla ved bygging av ny transformatorstasjon, vil det truleg bare vera frå mast 2 og inn til transformatorstasjonen, slik at både mast 2 og 3 blir ståande.

Det er lågspentlinje på den andre sida av huset. Eit mogleg avbøtande tiltak kan vera å legga lågspentlinja i kabel. Det blir mykje rimelegare enn å legga 132 kV leidningen i kabel.

I tilleggsutgreiinga er det sett opp to alternativ for jordkabel frå Bø transformatorstasjon til mast 6 (ikkje heilt fram til Visnesvegen, men ein forholdsvis stor del av strekningen). På denne delstrekningen vil investeringeskostnadene auka frå 13 mill. kr (dobel luftleidning) til 56,6 mill. kr i kabelalternativ 1e eller 33,5 mill. kr i kabelalternativ 1f. Bare på denne delstrekningen aukar altså investeringeskostnadene med 20,5 eller 43,6 mill. kr. På ein ennå lengre strekning vil ekstrakostnadene ved å legga jordkabel bli ennå høgare. Fagne meiner det i dei fleste tilfelle ikkje vil vera rett å velja kabel i staden for luftleidning når ekstrakostnadene med jordkabel blir så store. Dette gjeld i alle fall i dette tilfellet, der den nye 132 kV leidningen skal erstatta ei gamal 66 kV luftlinje. Høgare kostnader vil føra til høgare nettleige for alle Fagne sine kundar. Derfor har ikkje Fagne søkt konsesjon på noko kabelalternativ i dette tilfellet.

I kostnadsoverslaget for kabel er det ikkje tatt omsyn til at ein ved legging av kabel over ein lang strekning i dette området kan støyta på mange kulturminne, noko som kan føra til både forseinking av arbeidet og ekstrakostnader utover det som er sett opp her. Ved legging av kabel over ein lang strekning må ein grava samanhengande grøft, medan ein ved bygging av luftlinje bare treng å grava der mastene skal stå. Dermed er det mykje større fare for å støyta på kulturminne undervegs dersom

ein legg jordkabel enn ved bygging av luftlinje. Spesielt i det kortaste og rimelegaste kabelalternativet 1f vurderer Fagne at det er stor sjanse for å støyta på kulturminne undervegs.

## 8. Joachim Vabø-Lindtner

*Joachim Vabø-Lindtner er inneforstått med at det er eit stort behov for å oppgradera denne høgspentlinja. Han er også opptatt av at ein finn ei løysing som forårsakar minst mogleg sjenanse for både menneske, dyr og natur, samstundes som dette skal balanserast opp mot ein kostnad som er forsvarleg. Han ønskjer derfor at ein tar stilling til om å legga kabel er ei betre løysing.*

*For deira del, som nærmeste nabo til Bø transformatorstasjon, er dagens høgspentlinjer til vesentleg sjenanse. Dei nye vil vera ennå større og legga beslag på eit ennå større område av tomta deira.*

*Heile utsikta deira over Karmsundet er i dag hemma av piggrådgjerdet som strekker seg langs mesteparten av den austlege tomtegrensa deira. Ei ny løysing bør løysa dette på ein betre måte. Han undrar seg over om det er behov for å gjerda inne eit så stort areal.*

Fagne kan stadfesta at det er stort behov for å oppgradera denne høgspentlinja, noko som i dette tilfellet vil seia å bygga ny linje med ennå høgare spenning. Fagne er også opptatt av å finna ei løysing som forårsakar minst mogleg sjenanse for menneske, dyr og natur, samstundes som dette skal balanserast mot ein kostnad som er forsvarleg. Fagne har i tilleggsutgreiinga vurdert om kabel kan vera eit reelt alternativ på delstrekningen mellom Bø transformatorstasjon og mast 6.

Når det gjeld kablingsstrategi og ekstrakostnader for kabel i staden for luftleidning, sjå Fagne sine kommentarar til Bjarne Øpstebø Lindtner.

Det stemmer, som Joachim Vabø-Lindtner skriv, at den nye 132 kV leidningen blir større enn den gamle 66 kV leidningen. Det gjeld i alle fall høgda. Dermed kan vi skjøna at han føler den nye 132 kV leidningen vil bli ennå meir til sjenanse enn den gamle 66 kV ledningen. Det bandlagte beltet vil likevel ikkje bli breiare enn på den gamle 66 kV leidningen, så vi ser ikkje for oss at det vil legga beslag på ein større del av tomta.

Piggrådgjerdet er ein del av Bø transformatorstasjon. Fagne har også planar om å søka konsesjon på ny Bø transformatorstasjon. Ved bygging av ny transformatorstasjon vil det truleg også bli eit nytt gjerde, og det vil bli vurdert kor stort område som må gjerdast inne og kor det nye gjerdet skal plasserast. Det er naudsynt med gjerde dersom det på transformatorstasjonstomta er anlegg utandørs som kan vera farlege for folk.

## 9. Meland gård vest v/Magnhild Katrine Hevrøy

*Meland gård vest ønskjer at endemasta på Bø – Meland, som nå er ei T-avgreingsmast, blir flytta vestover til ein skogsholme i ei myr. Med den foreslalte plasseringa meiner dei at anleggarbeidet vil kunna foregå nærmast usjenert. Den gamle masteinstallasjonen meiner dei har ei uhensiktsmessig plassering i høve til landbruksdrift og teknisk intallasjonsarbeid i*

anleggsperioden.

Grunneigar meiner at traséen må leggast i jordkabel, og at masteinstallasjon beslaglegg dei beste jordbruksareala.

Grunneigar har også hørt at det på eit informasjonsmøte vart skissert utstrakt bruk av helikopter, og at det vil bli svært sjenerande for dyra.

Dei ønskjer også at Fagne samkjører seg med Statnett sitt prosjekt Havvind frå Utsira Nord ved ein eventuell anleggsperiode.

Grunneigar er skeptisk til at Fagne skal få ekspropriasjonsløyve i samband med konsesjonen. Dette meiner grunneigar at ikkje kan akseptera.

Grunneigar har også dårleg erfaring med Fagne/Haugaland Kraft med tanke på opprydning etter at eit tidlegare prosjekt vart gjennomført, og meiner det bør stillast krav om at Fagne skal betala dagmulkt til grunneigar dersom opprydninga tar for lang tid. Grunneigar vil også setta fram krav om økonomisk kompensasjon og betaling for tenester og utkalling i anleggsperioden.

Fagne v/Odd Håland Øksnevad var på befaring i samband med førre høyring i 2023 og fekk informasjon om kva grunneigaren og far hennar ønska. Vi gjekk også ut på skogsholmen i myra for å vurdera om det kunne vera aktuelt å setta endemasta der.

Den siste masten på 132 kV leidningen Bø – Meland er i grunnen ikkje ei endemast. I utgangspunktet er det ei T-avgreining der med ei forholdsvis plasskrevande T-avgreiningsmast. Den nye masten blir ei dobbeltlinjemast, der den eine linja frå Bø transformatorstasjon skal gå inn på 66 kV linja Håvik – Meland, og den andre skal gå inn på linja Nordstokke – Meland. Den nye masten vil ta mykje mindre plass på bakken enn den gamle T-avgreiningsmasta, og dermed vera gunstigare med tanke på jordbruk. Ved detaljprosjektering kan det vurderast ei litt anna mastepllassering enn den gamle T-avgreinings-masta fordi ein då i større grad kan halda i drift to av dei gamle 66 kV linjene medan ein bygger den nye masten.

Fagne meiner likevel at skogsholmen ute i myra ikkje er ei god plassering av den nye masten. Det er fleire grunnar til det:

- Plassering av mast på skogsholmen ville ha blitt ca. 70 m vest for T-avgreiningsmasta. Det ville ha blitt eit for langt spenn frå nest siste mast på 66 kV linja Håvik – Meland til den nye masten, i alle fall når det er ein haug i terrenget ved T-avgreiningsmasta. Dermed måtte T-avgreiningsmasta blitt stående med tanke på 66 kV linja Håvik – Meland sjølv om den siste masten på ny 132 kV leidning Bø – Meland blir plassert på skogsholmen. For grunneigar vil den gamle T-avgreinings-masta ta meir plass enn ei ny mast. Dessutan ville vi ha måttå forlenga 66 kV leidningen Håvik – Meland, ei forlenging som ville ha vore konsesjonspliktig.
- Ved plassering av siste masten på 132 kV leidningen Bø – Meland på skogsholmen ville det ha blitt behov for ei vinkelmast der mast nummer K-13-19 på 66 kV leidningen Nordstokke –

Meland nå står. Mast K-13-19 er ei beremast som ikkje kan ta krefter i sideretning. Dermed ville det også ha blitt ei endring på 66 kV leidningen Nordstokke – Meland. Dette er også ei endring som ville ha vore konsesjonspliktig.

- Grunneigar fryktar at dyra vil reagera negativt på bruk av helikopter. Dersom det skal settast opp ei mast på skogsholmen og strekkast liner inn på den masta, er ein meir avhengig av å bruka helikopter enn ved plassering ved eksisterande T-avgreiningsmast. Ved bruk av helikopter har grunneigar rett i at det blir ein del støy, og helikopterstøy kan vera plagsam i eit forholdsvis stort område, også 70 – 100 m frå der masta skal monterast. Det kan kanskje vera mogleg å gjera ein del av arbeidet med mastemontering utan helikopter ved plassering nær T-avgreiningsmasta, men ikkje ved plassering på skogsholmen ute i myra. Fagne bruker mykje helikopter på ein annan 132 kV leidning vi bygger nå, og erfaringane viser at det stort sett går greitt for husdyra.
- Det er ein del skog på skogsholmen, men truleg vanskeleg tilgjengeleg med kjøretøy. Dermed må det hoggast ein del skog dersom masta skal plasserast på skogsholmen ute i myra. I og med at skogsholmen ligg ute i ei myr, vil det vera vanskeleg å transportera bort skogsavfall. Det vil vera krevjande å rydda bort alt skogsavfall på holmen på ein slik måte at grunneigar blir nøgd med det. Ved T-avgreinings-masta er det ikkje skog.

Grunneigar ønskjer kabel i staden for luftleidning. I dette tilfellet er T-avgreiningsmasta felles for tre 66 kV leidningar. Sjølv om det blir lagt kabel på Bø – Meland, vil T-avgreiningsmasta bli ståande som ein del av 66 kV leidningane Håvik – Meland og Nordstokke – Meland. Fagne antar at dei to leidningane kan ha ca. 25 års restlevetid. Dessutan vil jordkabel bli mykje dyrare enn luftleidning og er dermed ikkje aktuelt i dette tilfellet.

Grunneigar ønskjer at Fagne skal samkjøra seg med Statnett for prosjekta Bø – Meland og Statnetts prosjekt Havvind frå Utsira Nord. Grunneigar har rett i at Fagne og Statnett må snakka saman om desse prosjekta og samordna traséar. Tidsmessig er det likevel vanskeleg å treffa samstundes med anleggssarbeidet fordi Fagne sendte konsesjonssøknad på Bø – Meland i februar 2022 og håpar å snart få konsesjon og kunna bygga i 2025 eller 2026. Statnett har ennå ikkje søkt konsesjon, og vi tvilar på om dei blir klar til å starta bygginga før 2030. Dermed er det sannsynleg at det vil ta fleire år frå Fagne er ferdige med bygginga til Statnett startar bygginga. Fagne fryktar at den gamle 66 kV linja Bø – Meland kan havarera før 2030 dersom ho ikkje blir utskifta før den tid.

Grunneigar er skeptisk til at Fagne skal få ekspropriasjonsløyve. Fagne vil først og fremst prøva å få friviljuge avtalar med grunneigarane, og vi håpar å få det med dei aller fleste grunneigarane. Vi håpar at det også er mogleg med denne grunneigaren. På ein så lang 132 kV leidning må ein likevel rekna med at det kan vera nokre grunneigarar det ikkje er mogleg å få friviljug avtale med. 132 kV leidningen må vera samanhengande for å kunna fungera. Dermed kan det vera naudsynt med ekspropriasjon i dei tilfella det ikkje er mogleg å få friviljug avtale med grunneigarane.

## 10. Elisabeth og Åge Roald Hausken

*Grunneigarane er positive til dei nye kraftleidningane og ønskjer eit samarbeid for å få til eit best mogleg resultat. Dei er også positive til riggområde på eigedommen dersom det er ønskjeleg.*

*Dei lurer på om driftsbygning og hus blir berørt på nokon måte.*

*Dei ønskjer at mast 6 blir sett i grenselinja mellom dei og naboen, og at mast 7 blir flytta nærast mogleg vegen.*

*Dei ønskjer også å sprenga bort fjellnabbar på eigedommen og lurer på kva tid det kan bli aktuelt med tanke på linjebygginga.*

*Grunneigarane undrar seg også på om det er strålingsfare for dyr under leidningane. Dei undrar seg også på om det blir gitt nokon kompensasjon for ulepper og kor stor denne kompensasjonen blir. Dei reknar med at det blir sjekka om det er kulturminne på eigedommen, og ønskjer dokumentasjon på alt som skal utførast. Dei ønskjer også at Fagne tar ansvar for skikkeleg opprydning etter at den nye 132 kV leidningen er bygd.*

Fagne er glad for at grunneigarane er samarbeidsviljuge, og Fagne ønskjer også eit godt samarbeid.

På denne garden ser det ut som om både driftsbygning og hus er plassert så langt borte frå traséen at dei ikkje blir berørte av den nye 132 kV leidningen. Det blir eit bandlagt belte på ca. 27 m der ein ikkje kan bygga hus, men avstanden til hus og driftsbygning er vesentleg lengre.

Når det gjeld detaljert mastepllassering og eventuell riggplass vil det bli vurdert ved arbeid med detaljprosjektering og detaljplan. Fagne prøver ofte å plassera mastene i grenseskilje mellom eigedommar, slik grunneigarane ønskjer med mast 6, så det vil bli vurdert ved detaljprosjektering. Kor mastene skal plasserast vil likevel vera avhengig av terrenget, noko som fører til at det må vurderast nøyare. Når det gjeld mast 7 betyr i alle fall terrenget mykje. Der har vi sett for oss å plassera masta på ein haug, og plassering nærmere vegen er problematisk fordi haugen då kjem i spennet mellom mast 6 og 7. På denne strekningen er det dessutan trøngt mellom husa, slik at det er problematisk å justera traséen i sideretning. Dersom grunneigar sprenger bort haugen vi hadde tenkt å plassera mast 7 på kan det kanskje gjera det mogleg å endra mastepllassering ut frå det vi har sett for oss i og med at vi har antatt at terrenget blir uendra, men det kan bli komplisert i og med at det står eit nabohus på haugen ved mast 7.

I den grad grunneigar ønskjer å sprenga bort bergnabbar i leidningstraséen for ny og gamal leidning, passar det best for Fagne om det skjer i perioden frå den gamle 66 kV leidningen blir riven til ny 132 kV leidning blir bygd. Sprengningsarbeidet bør planleggast i forkant av detaljprosjektering av den nye 132 kV leidningen slik at Fagne får informasjon om korleis terrenget blir etter at sprengningsarbeidet er utført i forkant av detaljprosjektering av den nye 132 kV leidningen. Dette vil kreva svært godt samarbeid. Fagne vil ikkje ta ansvar for sprengningsarbeidet, så grunneigar må ta det fulle ansvaret for sprengningsarbeidet og eventuell klarering med Karmøy kommune, arkeologane i Rogaland fylkeskommune og andre offentlege instansar.

Når det gjeld kulturminne, har Fagne alt hatt ein del samtalar med arkeologane i Rogaland fylkeskommune, og Fagne må i samband med ny 132 kV leidning få arkeologane til å undersøkja om det er kulturminne der maste skal plasserast. Undersøking av andre delar av eigedommen må grunneigar klarera med arkeologane i Rogaland fylkeskommune.

Fagne har ikkje sett forskningsresultat som tilseier at magnetfelt eller elektrisk felt frå ein slik 132 kV leidning er farleg for dyr.

Ved bygging av nye kraftleidningar blir det normalt utbetalt erstatning til dei berørte grunneigarane. Dette er avhengig av ulempene grunneigarane får av tiltaket. I samband med det betyr det også ein del kva eigedommen blir brukt til. Det er ulikt nivå på erstatninga avhengig av om det er gartneri, fulldyrka mark, beitemark eller skog. Fagne vil prøva å få friviljug avtale med grunneigarane og tar normalt kontakt med kvar av grunneigarane om dette etter at det er gitt konsesjon.

Fagne vil i dette området riva den gamle 66 kV leidningen før ny 132 kV leidning blir bygd og rydda opp etter at 132 kV leidningen er ferdig bygd. Vi håpar å kunna tilfredstilla grunneigaren når det gjeld standard på opprydninga. Kor godt nøgd grunneigar blir med opprydninga er nok avhengig både av kor godt det blir rydda og kva forventningar grunneigar har til opprydninga.

## 11. Rogaland fylkeskommune

*Rogaland Fylkeskommune sendte administrativ motsegn til konsesjonssøknaden i samband med høyringa våren 2023 med eit forslag til å utgrela og vurdera jordkabel på strekket mellom Bø transformatorstasjon og mast 6 grunna Kula-område og viktige kulturminne nær den nordre delen av leidningstraséen. Rogaland fylkeskommune skriv at det i samband med tilleggsutgreiinga har vore god dialog mellom Rogaland fylkeskommune, Fagne og NVE. Det er gjennomført fleire møte med Fagne og Norconsult for å prøva å finna ei løysing på den administrative motsegna. Det er i denne prosessen vurdert fleire alternativ til konsesjonssøkt trasé. Gjennom utarbeiding av gode illustrasjonar har det likevel vist seg at opprinnelig konsesjonssøkt trasé er den beste, då dei andre forslaga gir ytterlegare barrierverknad.*

*Rogaland fylkeskommune legg ikkje skjul på at dei meinte at konsesjonssøknaden har eit stort svakheitspunkt og er svært mangelfull når det gjeld skildring og utgreling av tiltaket sett opp mot dei store kulturverdiane i området. I tilleggsutgreiinga er kulturminne gitt ei mykke breiare vurdering. Rehaugane og kulturmiljøet rundt Avaldsnes kyrkje er nå vurdert til å ha svært stor verdi. Med avbøtande tiltak (kabling av lågspentnett) er tiltaket ved Rehaugane endra til noko forringa. Fylkesdirektøren er nøgd med at Fagne har utarbeida eit betre grunnlag og gjort ei mykke betre vurdering av kulturminna i området. Fylkesdirektøren er også nøgd med at det er gjort betre og fleire visualiseringar av omsøkte linjetrasé forbi Rehaugane.*

*Fylkesdirektøren meiner at kostnadene ved å legga kabel på strekket mellom Bø transformatorstasjon og mastepunkt 6 blir for store til at dette kan forsvarast opp mot verknaden som den nye kraftlinja vil ha på kulturminneverdiane rundt Rehaugane.*

*Med føresetnad om at NVE i konsesjonsvedtaket stiller som vilkår at lågspentnettet i området ved Rehaugane skal kablast, vil Rogaland fylkeskommune kunna fråfalla den administrative motsegna.*

*Rogaland fylkeskommune viser elles til merknader knytta til den sørlege delen av linjetraséen, og at mastepunkta i dette området må leggast i god avstand frå registrete*

gravhaugar (ID 65642 og ID 72155).

*Fylkesdirektøren føreset at det blir utarbeida ein detaljplan i forkant av anleggsarbeida og at Rogaland Fylkeskommune får uttala seg om den. Det er også behov for arkeologiske registreringar.*

Fagne er glad for at det etter mange møte og mykje arbeid med visualiseringar av ulike alternativ lukkast å bli samde med Rogaland Fylkeskommune om at den administrative motsegna kunne trekkast under føresetnad om eit avbøtande tiltak med kabling av lågspentnett ved Rehaugane. Fagne innser at konsekvensutgreiingane i konsesjonssøknaden ikkje var gode nok, og derfor er det lagt vekt på å få gjennomført grundigare konsekvensutgreiingar i tilleggsutgreiinga. Vi er glad for at Rogaland fylkeskommune er nøgd med det arbeidet vi og konsulenten vår har gjort.

Fagne er innstilte på å innfri kravet om kabling av lågspentnettet sør for Rehaugane som eit avbøtande tiltak. Vi meiner det vil bli ei vesentleg forbetring for utsikta frå Rehaugane i retning mot Avaldsnes kyrkje. Dette gjeld også endringar på gatelys og telenett som heng på dei same mastene, sjølv om Fagne ikkje har ansvar for verken gatelys eller telenett.

Fagne vil, som vi pleier i samband med slike prosjekt, gje arkeologane i Rogaland Fylkeskommune i oppdrag å registrera kulturminne i dei områda der vi skal plassera dei nye mastene. Det er naturleg at dette blir gjort etter detaljprosjektering, slik at vi veit meir nøyaktig kor mastene skal plasserast. Vi håpar å koma i gang med detaljprosjektering hausten 2024, slik at registrering av kulturminne kan gjennomførast våren 2025. Framdrifta vil vera avhengig av når det blir gitt konsesjon, i og med at det er først då vi veit kva alternativ vi får konsesjon på.

## 12. Karmøy kommune

*Karmøy kommune nemner først kommentarane dei hadde i høyringa i 2023.*

*Når det gjeld kulturminne i KULA-området Avaldsnes er Karmøy kommune tilfreds med at tilleggsutgreiinga tilrår kabling av lågspentnettet rundt Rehaugane som eit avbøtande tiltak, slik at konsekvensgraden blir redusert til middels konsekvens for dette delområdet.*

*Karmøy kommune er også nøgd med kartlegging av fugl og at det er lagt inn omsyn til hekkeperiode, men Karmøy kommune kan ikkje sjå at det er gjennomført kartlegging av framande arter.*

*Karmøy kommune meiner at sanering av eksisterande 66 kV leidning og bygging av ny 132 kV leidning fører til at jordbruksarealet under kraftleidningar blir omrent likt som før. Påverknad for landbruk blir derfor vurdert å vera små. Mindre avbøtande tiltak i anleggsfasen i vekstsesongen er skildra.*

*Konsekvensar for friluftsliv er skildra i tilleggsutgreiinga. Samla konsekvens for friluftsliv er «noe negativ» for alle alternativ. Kabling av lågspentnett ved Rehaugane som avbøtande titak vil ikkje påverka konsekvensvurderinga for friluftsliv.*

## *Endeleg lokalpolitisk avklaring av ny bompengepakke og KDP for fv547 Vækrossen – Helganes er venta før sommaren.*

Fagne er glad for at Karmøy kommune er tilfreds med tilleggsutgreininga når det gjeld kulturminne og det avbøtande tiltaket med kabling av lågspentlinjer ved Rehaugane.

Fagne er også glad for at Karmøy kommune er nøgd med tilleggsutgreininga når det gjeld fuglar. Når det gjeld framande arter, står det på s. 14 i tilleggsutgreininga: «Det ble søkt etter fremmede skadelige arter i planområdet under feltarbeidet, der det ble fokusert på arter som står oppført på Miljødirektoratets liste over arter som prioritertes for kartlegging i forbindelse med massehåndteringstiltak.» På side 23 er det nemnt nokre svartlistearter, først for Delområde 9: «Det er også noe spredt innslag av sitkagran (se Figur 2-2).», og også under delområde 10: «Det er innslag av flere fremmede arter i lokaliteten (sitka, skogskjegg og ulike mispler).»

Fagne er samde med Karmøy kommune om at når ein ser stort på det, er det totale jordbruksarealet omtrent like stort under den nye 132 kV leidningen som under det gamle 66 kV leidningen. For den einskilde bonde kan det likevel vera endringar. Sjølv om det ikkje er endringar i areal under linjene, kan det for den einskilde bonden bety ein del kor leidningen kryssar over garden.

Det er andre område som har større verdi enn Rehaugane når det gjeld friluftsliv, så Fagne kan vera samd med Karmøy kommune om at kabling av lågspentnettet ved Rehaugane som avbøtande tiltak ikkje vil påverka konsekvensvurderinga for friluftsliv. For turistar som kjem for å sjå Rehaugane kan det likevel vera eit godt tiltak.

Fagne ser positivt på å få ei lokalpolitisk avklaring av ny bompakke og kommunedelplan for fv547 Vækrossen – Helganes før sommaren. Vi ser då for oss at det blir avklaring på kor vegtraséen skal gå, slik at vi kan ta omsyn til det ved detaljprosjektering av 132 kV leidningen.

## **13. Erling Matland**

*Erling Matland (bnr 91, gnr 5) og Ola Asbjørn Utvik (gnr 91, bnr 1) ønskjer ny trasé lengst mot vest og helst jordkabel.*

Fagne er samd med Erling Matland og Ola Asbjørn Utvik om at den vestre traséen, i dette området alternativ 1, synest å vera den gunstigaste. Fagne ønskjer å bygga luftleidning, altså ikkje kabel slik desse grunneigarane aller helst ønskjer. Fagne har inntrykk av at det i dette området foregår ein del gravearbeid, noko som vil bli problematisk dersom det ligg viktige 132 kV kablar i jorda.

## **14. Statsforvaltaren i Rogaland**

*Statsforvaltaren i Rogaland var i høringa av konsesjonssøknaden i 2023 sterkt kritisk til at det mangla tilstrekkelege vurderingar av konsekvensar og vurderte kunnskapsgrunnlaget til å vera utilstrekkeleg til å gjera ei vurdering av saka. Nå vil Statsforvaltaren i Rogaland gje ros til Fagne for å ha gjennomført tilstrekkeleg konsekvensutgreiing i tilleggsutgreininga. Ut frå ei totalvurdering og av omsyn til natur, landbruk og landskap støttar Statsforvaltaren i Rogaland Fagne i å gå vidare med traséalternativ 1.*

*Samstundes minner Statsforvaltaren i Rogaland om at han i høyringa av konsesjonssøknaden i 2023 tydeleg frårådde alternativ 1 + 1b av omsyn til naturverdiar, særleg fugl.*

*Statsforvaltaren i Rogaland oppfordrar til at det blir montert fugleavvisarar på strekk der ein vurderer at det kan vera særleg risiko for kollisjon med kraftleidningar.*

Fagne er glad for at Statsforvaltaren i Rogaland er nøgd med tilleggsutgreiinga. Fagne er også innstilte på å montera fugleavvisarar på delstrekningar der det er særleg risiko for at fuglar kolliderer med kraftleidningar.

Fagne meiner også at alternativ 1 ut frå ei totalvurdering er det beste alternativet. Når det gjeld alternativ 1+1b, frårår Statsforvaltaren i Rogaland det sterkt av omsyn til naturverdiar, særleg fugl.

Det er likevel nokre grunneigarar som foretrekker alternativ 1+1b. Dermed må ulike interesser vegast opp mot einannan. Når Fagne har søkt konsesjon på desse tre alternativa, er Fagne innstilt på å bygga det alternativet vi får konsesjon på. Kostnadsmessig er det ikkje nokon vesentleg skilnad mellom desse tre traséalternativa.

Med venleg helsing  
Fagne AS

Odd Håland Øksnevad  
sivilingeniør  
Odd.Haland.Oksnevad@fagne.no

Vegard Holmefjord  
seksjonsleiar Nettutvikling

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevet signatur*